



**POLITIET**

**Vest politidistrikt**

# **Omtale av resultat 2021**

**Versjon 1.0/februar 2022**

# Innhold

<b>1. Innleiing</b> .....	<b>3</b>
<b>2. Overordna situasjonsskildring</b> .....	<b>4</b>
<b>3. Kriminalitetsutviklinga</b> .....	<b>6</b>
3.1. Økonomisk kriminalitet.....	6
3.2. Vinningskriminalitet .....	6
3.3. Valds-kriminalitet.....	6
3.4. Seksuallovbrot .....	8
3.5. Narkotikakriminalitet.....	8
3.6. Miljøkriminalitet.....	8
<b>4. Politiet si straffesakshandsaming</b> .....	<b>9</b>
4.1. Talet på påtaleavgjerder .....	9
4.2. Oppklaringsprosent .....	9
4.3. Sakshandsamingstid .....	9
4.4. Restansar .....	10
<b>5. Operativ innsats</b> .....	<b>11</b>
5.1. Responstid.....	11
5.2. Aksestid .....	11
5.3. Operasjonssentralen/Lokal redningsentral (LRS) .....	11
5.4. Væpna oppdrag .....	11
5.5. Redningsoppdrag .....	11
5.6. Politibåten .....	12
5.7. Psykiatri-oppdrag .....	12
<b>6. Forvaltning</b> .....	<b>13</b>
6.1. Pass og førarkort .....	13
6.2. Utlendingsforvaltning .....	13
<b>7. Sivil rettspleie</b> .....	<b>14</b>
<b>8. Trafikk</b> .....	<b>15</b>
<b>9. Politiets nettpatrolje Vest</b> .....	<b>16</b>

# 1. Innleiing

Rapporten presenterer resultatane for Vest politidistrikt i 2021. Første del av rapporten gir ei oversikt over hovudfunn i meldt kriminalitet, ein såkalla overordna situasjonsskildring (kapittel 2). Her vil vi trekke frem dei mest sentrale trendane i tala frå 2021. Andre del av rapporten gir ei meir detaljert oversikt over tal og utvikling innan meldt kriminalitet, straffesakshandsaminga, operativ innsats, samt forvaltning, sivil rettspleie, trafikk og Politiets nettpatrulje Vest (kapittel 3-9). I andre del av rapporten finn ein difor alle detaljane kring det som vert omtalt i kapittel 2.

Ved spørsmål knytt til dei einstilte tala kan kontaktpersonar for kvart enkelt tema kontaktast. Redaksjonane vil få tilsendt ei kontaktliste over personar på tema og geografiske einingar. Denne blir ikkje publisert på [politiet.no](http://politiet.no) og andre som ønskjer kontakt med våre talspersonar kan kontakte Stab for kommunikasjon på e-post [kommunikasjon.vest@politiet.no](mailto:kommunikasjon.vest@politiet.no) eller ringe vårt pressenummer 488 98 811.


Talmaterialet på kriminalitetsutviklinga og straffesakshandsaminga er basert på politiet sitt straffesakssystem STRASAK. Statistikken må reknast som ein intern driftsstatistikk for politiet og bør ikkje lesast som den offisielle kriminalstatistikken, som blir gitt ut av Statistisk sentralbyrå (SSB). Rapporten presenterer den kjende kriminaliteten, det vil seie den kriminaliteten som blir meld til politiet.

Bergen, 15. februar 2022

Avsnitt for strategisk etterretning  
Seksjon for etterretning  
Felles eining for etterretning og etterforsking  
Vest politidistrikt

## 2. Overordna situasjonsskildring

Som ein ser av grafen nedanfor har talet på melde lovbrøt i Vest politidistrikt framleis ein nedgang. I 2021 blei det meldt<sup>1</sup> 25 653 lovbrøt, ein nedgang på om lag 5 % samanlikna med 2020. Talet på melde lovbrøt i 2021 er det lågaste nivået i femårsperioden.



**Figur 1: Utviklinga for melde lovbrøt 2017-2021**

Kjelde: JUS066

Det er ein nedgang i talet på saker innan dei fleste kriminalitetstypane. Unntaka er saker som gjeld **seksuallovbrøt** og **miljølovbrøt**.

Samanlikna med 2020 er det i 2021 meldt 26 prosent fleire saker som gjeld **seksuallovbrøt**. Sjølv om tala endå ikkje er på nivå med 2017 ser vi særskild ein bekymringsfull utvikling i saker som gjeld **seksuallovbrøt mot barn**. I 2021 blei det meldt 365 saker mot 288 i 2020. Spesielt ser vi ein auke i saker som gjeld overgrep mot barn under 14 år, i dei grovaste kategoriane. I 2021 blei det registrert 17 saker som gjeld **valdtekt til samleie av barn under 14 år**<sup>2</sup> mot 9 saker i 2020. Det blei registrert 31 saker som gjeld **grov valdtekt av barn under 14 år**<sup>3</sup> i 2021 mot 5 saker i 2020.

Vi ser òg ein auke i meldte **valdtektar** der vaksne er fornærma. I 2021 blei det registrert 199 valdtektssaker mot 174 i 2020. Samstundes har det vore ein auke i saker som gjeld **seksuell krenkande åtfærd**. Desse sakene gjeld mellom anna blottarar og anna uønskt seksuell åtfærd, først og fremst i det offentlege rom. I 2021 blei det meldt 134 saker mot 88 saker i 2020.

Sjølv om ein ser at talet på melde **valdssaker** har ein nedgang samanlikna med året før, ser vi ein urovekkande utvikling når det gjeld **vald mot offentlege tenestemenn**. I 2021 blei det meldt 215 saker mot 172 i 2020. Talet på denne type saker var 133 i 2017. Politidistriktet skal starte eit analysearbeid med å sjå på kva offentlege tenestemenn (t.d. politi, NAV, barnevern) som oftast har vore utsett for vald dei siste åra.

<sup>1</sup> Saker meldt til politiet eller som politiet har oppretta sjølve

<sup>2</sup> Straffelovens § 300

<sup>3</sup> Straffelovens § 301

Vest politidistrikt varsla i fjor om ein kraftig auke i oppdrag knytt til **psykisk sjuke personar** dei siste åra. Oppgangen i denne typen oppdrag held fram i 2021. Oppdraga er ofte i samband med bistand til helsevesenet, men også kor politiet må gripe inn overfor psykisk sjuke personar som har ein utagerande og valdeleg framferd i det offentlege rom. Fleire av personane er gjengangarar og kjend for grov valdskriminalitet. I 2017 vart det i politiets operative system i Vest politidistrikt registrert 1941 oppdrag knytt til psykiatri. Talet for 2021 var 4000.

Det har samstundes vore ein nedgang i meldte saker om **kroppskrenkingar** og **kroppsskade**. I 2021 blei det meldt 1152 slike saker mot 1229 i 2020. Tala i 2021 har variert frå månad til månad, med ein viss tendens til auke i sommarhalvåret og etter september. Dette kan ha samband med at utelivet i deler av året har vore heilt eller delvis stengt ned, då mange av desse lovbrota skjer i samband med at folk ferdast på byen, ofte med promille.

Det blei registrert fire **drap** og to **forsøk på drap** i 2021. I 2020 var tala fem drap og fire forsøk på drap.

Talet på meldte saker som gjeld **vald i nære relasjonar** har sidan 2018 hatt ein nedgang. I 2018 blei det meldt 344 saker, i 2020 285 saker, mens det i 2021 blei registrert 225 saker. Den varsla auken i desse sakene som følgje av pandemien er difor ikkje registrert hos politiet endå.

Auken i saker som gjeld **miljølovbrot** er på 8 prosent. Det har dei siste to åra vore ein markant auke i denne type saker. I 2021 blei det meldt 398 saker mot 370 i 2020. Ein auka innsats frå Kystvakt og Fiskeridirektoratet mot ulovlege fiskereiskap i sjø kan vere ein medverkande årsak til auken i miljølovbrot generelt dei siste par åra.

Talet på saker som gjeld **økonomisk kriminalitet** har generelt hatt ein nedgang i frå 2020 til 2021. Talet på saker som gjeld **bedrageri** har derimot hatt ein auke. Vi ser at nokre av denne type saker gjeld bedrageri ved kjøp/sal via internett, noko som synast å ha auka i løpet av dei siste par åra. I følge Politiets innbyggjarundersøking er digital kriminalitet det nordmenn er mest uroa for å bli utsett for. Vi reknar med at mange saker ikkje blir meldt til politiet og vi visar derfor til gode råd både til dei som har vore utsett for svindel og kva du må gjere for å sikre deg mot dette på <https://www.politiet.no/rad/okonomisk-kriminalitet/nettsvindel/>

I perioden 2017 – 2021 har det vore ein kraftig nedgang i talet på **narkotikalovbrot**. I 2021 blei det registrert 1748 saker mot 2381 saker i 2020. Talet på saker i 2017 var 3483, noko som betyr at det i 2021 blei registrert 50 prosent færre saker enn i 2017. Talet på denne type saker er i stor grad knytt til politiet si prioritering innanfor dette kriminalitetsområdet.

**Vinningslovbrot** utgjer den største delen av den melde kriminaliteten i politidistriktet. Ein nedgang innan vinning påverkar difor totaltala i relativt stor grad. Det vart i 2021 meldt 7302 vinnings saker mot 7811 saker i 2020, ein nedgang på 7 prosent. Vi har dei siste åra registrert ein betydeleg nedgang i den **tradisjonelle vinningskriminaliteten**. Sidan 2017 har det vore ein reduksjon på 28 prosent. Vi antar at nokon av utøvarane av den tradisjonelle vinningskriminaliteten har flytta noko av sin verksemd over på internett kor dei utførar **nettrelaterte** vinningslovbrot. Ofte blir desse lovbrota koda som økonomisk kriminalitet. Ein kan ikkje sjå bort frå at dei siste par åra har vore litt annleis grunna pandemien. Dette har mellom anna ført til at folk har vore meir heime og dermed i større grad har kunne passe på hus, heim og sine verdiar.

## 3. Kriminalitetsutviklinga

### 3.1. Økonomisk kriminalitet

Kriminalitetstype	2017	2018	2019	2020	2021
Økonomi	2260	2237	2376	1926	1904

Tabell 1: Tal på melde økonomilovbrot 2017-2021  
Kjelde: JUS066

Kriminalitetstype	2017	2018	2019	2020	2021
Bedrageri	1704	1740	1876	1520	1556

Tabell 2: Tal på melde bedrageri 2017-2021  
Kjelde: PAL for STRASAK, reg.dato, gj.distr.

### 3.2. Vinningskriminalitet

Kriminalitetstype	2017	2018	2019	2020	2021
Vinning	10102	9382	9800	7811	7302

Tabell 3: Tal på melde vinningslovbrot 2017-2021  
Kjelde: JUS066

### 3.3. Valdskriminalitet

Kriminalitetstype	2017	2018	2019	2020	2021
Vald	3101	2958	3104	2655	2614

Tabell 4: Tal på melde valdslovbrot 2017-2021  
Kjelde: JUS066

#### Liv, lekam og helse

	2017	2018	2019	2020	2021
Kroppskrenking	1252	1172	1251	1036	1024
Kroppsskade	197	182	213	193	128

Tabell 5: Tal på melde kroppskrenkingar og kroppsskader 2017-2021  
Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

## Lovbrot mot personleg fridom

	2017	2018	2019	2020	2021
Truslar	572	575	599	533	532
Grove truslar	98	93	105	115	115

**Tabell 6: Tal på melde truslar og grove truslar 2017-2021**

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

	2017	2018	2019	2020	2021
Menneskehandel, prostitusjon	3	3	1	2	6
Menneskehandel, tvangsarbeid	2	0	2	1	0

**Tabell 7: Tal på melde menneskehandelsaker 2017-2021**

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

## Lovbrot utført mot offentleg myndigheit

	2017	2018	2019	2020	2021
Vald mot off. tenestemann	133	138	167	172	215
Truslar, forulemping og hindring	353	321	359	250	220

**Tabell 8: Tal på melde saker truslar, forulemping, hindring og vald mot off. tenestemann – politi og anna tenestemann 2017-2021**

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

## Vald i nære relasjonar

	2017	2018	2019	2020	2021
Vald i nære relasjonar	314	344	284	285	225

**Tabell 9: Tal på melde saker mishandling i nære relasjonar 2017-2021**

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

## Drap

	2017	2018	2019	2020	2021
Drap	1	2	7	5	4
Drap, forsøk	4	1	2	4	2

**Tabell 10: Tal på melde saker drap og forsøk på drap 2017-2021**

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

## Hatkriminalitet<sup>4</sup>

	2017	2018	2019	2020	2021
Hatkriminalitet <sup>5</sup>	29	43	78	65	55

**Tabell 11: Tal på melde saker, hatkriminalitet 2017-2021**

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

<sup>4</sup> Hatkriminalitet er straffbare handlingar motivert av fordommar knytt til etnisitet, religion, seksuell orientering og funksjonshemming

<sup>5</sup> Statistikkgruppene 606,608, 3412, 658, 659, 660,661, 662, 663, 664 og 665 (tilsvarande strl §185 og 186) og sakskategori Rase/etnisk tilhøring, Religion, Seksuell legning, Nedsett funksjonsevne, Antisemittisme

### 3.4. Seksuallovbrot

Kriminalitetstype	2017	2018	2019	2020	2021
Sedskap	1040	881	748	745	937

Tabell 12: Tal på melde seksuallovbrot 2017-2021

Kjelde: JUS066

#### Valdtekt

	2017	2018	2019	2020	2021
Valdtekt <sup>6</sup>	201	171	152	174	199

Tabell 13: Tal på melde valdtektssaker 2017-2021

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

#### Seksuelle overgrep mot barn

	2017	2018	2019	2020	2021
Seksuelle overgrep mot barn	408	332	274	288	365

Tabell 14: Tal på saker som gjeld seksuelle overgrep mot barn 2017-2021

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr

### 3.5. Narkotikakriminalitet

Kriminalitetstype	2017	2018	2019	2020	2021
Narkotika	3483	3286	2583	2381	1748

Tabell 15: Tal på melde narkotikalovbrot 2017-2021

Kjelde: JUS066

### 3.6. Miljøkriminalitet

Kriminalitetstype	2017	2018	2019	2020	2021
Miljø	251	222	273	370	398

Tabell 16: Tal på melde miljølovbrot 2017-2021

Kjelde: JUS066

---

<sup>6</sup> Også forsøk



## 4. Politiet si straffesakshandsaming

### 4.1. Talet på påtaleavgjerder

	2017	2018	2019	2020	2021
Påtaleavgjorde lovbrøt	32225	33532	30880	28399	25953
Av desse oppklara saker	15468	16137	13997	13229	11674

**Tabell 17: Påtaleavgjorde lovbrøt 2017-2021**  
Kjelde: JUS316

### 4.2. Oppklaringsprosent

Oppklaringsprosenten viser tilhøvet mellom talet på saker som er avgjorde med ein kode som tel som oppklara, og summen av oppklara og ikkje-opplara saker. Tida for påtaleavgjerda blir lagd til grunn når ein skal berekne oppklaringsprosenten i STRASAK.

	2017	2018	2019	2020	2021
Lovbrøt totalt	53,2	53,8	50,7	51,9	50,7

**Tabell 18: Oppklaringsprosent, lovbrøt 2017-2021**  
Kjelde: JUS316

### 4.3. Sakshandsamingstid

Sakshandsamingstida til politiet blir rekna frå melding blir registrert i STRASAK, til det ligg føre ei påtaleavgjerd. I det følgjande beskriv vi sakshandsamingstida på oppklara lovbrøt, det vil seie saker som har fått ei positiv påtaleavgjerd eller er lagde bort med ein kode som tel som oppklara. Tala viser gjennomsnittleg sakshandsamingstid i dagar.

	2017	2018	2019	2020	2021
Lovbrøt totalt	125	129	102	111	103

**Tabell 19: Sakshandsamingstid, oppklara lovbrøt 2017-2021**  
Kjelde: JUS316

## 4.4. Restansar

Saker som er eldre enn tre månader omtalast som restansar. For politiet er det viktig at det er ein balanse mellom innkomne (registrerte) og utgåande (ferdig handsama) saker. Om det kjem inn fleire saker enn det som blir gjort ferdig, blir det ei oppsamling av saker hos dei ulike sakshandsamarane. Det fører til at framdrifta i kvar enkelt sak blir meir oppstykkja, granskinga og påtalehandsaminga blir mindre effektiv, og det totale straffesaksproduktet får dårlegare kvalitet.

	2017	2018	2019	2020	2021
Ikkje påtaleavgjorde saker eldre enn 3 mnd	5289	3183	3804	2706	2348

**Tabell 20: Tal på restansar (saker eldre enn 3 månader), 2017-2021**

**Kjelde: JUS087abcd/JUS083abc**

## 5. Operativ innsats

### 5.1. Responstid

Rask respons kan berge liv, redusere skadeomfang eller bidra til oppklaring av kriminalitet. Det er stilt sentrale krav til responstid for ekstraordinære hendinger, hendinger der liv er direkte truga og/eller der det er behov for rask innsats frå politiet. Responstida blir målt frå når det begynner å ringe ved politiets operasjonssentral til første politieining er på staden.

	Sentralt krav	Resultat
Responstid 80% (>20 000 innbyggjarar)	12	11,5
Responstid 80% (2 000 – 19 999 innbyggjarar)	17	15,6
Responstid 80% (<2 000 innbyggjarar)	30	28,3

Tabell 21: Responstid, sentrale krav og resultat i minutt, 2021.

### 5.2. Aksesstid

Aksesstida måler kor mange samtalar på 112 som er svart på innanfor fristen (20 sekund). Kravet til aksesstid er at ein skal svara minst 95 % av alle 112-samtalar innan fristen på 20 sekund. Operasjonssentralen har svart på 98 % av alle naudsamtalane innan tidskravet som Politidirektoratet har satt.

### 5.3. Operasjonssentralen/Lokal redningsentral (LRS)

Operasjonssentralen i Bergen har hatt ein auke i talet på anrop på 112 i 2021. I 2021 var det 81848 anrop på 112, medan det i 2020 var 77523. Det er også registrert ein auke i talet på anrop på 02800 til sentralbord og 02800 samtalar som går til OPS. I 2021 var det 146699 anrop mot 138229 i 2020.

### 5.4. Væpna oppdrag

I Vest politidistrikt sin vaktjournal blei det registrert 811 væpna oppdrag i 2021. Dette er ca. 300 færre enn 2020 då talet var 1108. Dette inneber ikkje at alle var oppdrag kor politiet rykte ut til skarpe situasjonar. Tala inkluderer òg oppdrag kor politiet etter ei vurdering vel å væpna seg for eigen eller andre si sikkerheit i samband med planlagde pågripingar, ransakingar og liknande.

### 5.5. Redningsoppdrag

Politiet sin innsats i redningsoppdrag opptek mykje ressursar. Statistikken på landsbasis, samt erfaringa frå operasjonssentralen tilseier ein auke i talet på redningsoppdrag i vårt distrikt. Hovudredningsentralen har registrert 408 redningsoppdrag i Vest politidistrikt i 2021, 94 færre oppdrag enn året før. Det er i det geografiske området til gamle Hordaland politidistrikt at det relativt sett skjer mest.


Ikkje alle redningsoppdrag krev like mykje politiressursar. Ein del blir løyst på operasjonssentralen (LRS), anten ved å gje råd til meldar eller ved å vidareformidle meldingar til andre naudetatar eller frivillige organisasjonar. Nokre oppdrag blir løyst av den/dei fyrste politipatruljen som kjem til staden, medan andre krev større innsats.

## 5.6. Politibåten

Politibåten er innlemma i Vest politidistrikts beredskapsplan, for å kunne mellom anna flytte mannskap/ressursar der det er behov. Båten har transportert innsatsleiarar, hundeførarar og mannskap frå utrykkingseininga til fleire stader i distriktet.

856 båtar vart kontrollert i løpet av året. Dette er ein auke på 213 frå 2020 då 643 båtar blei kontrollert. Det blei oppretta 44 meldingar, av dei 15 for køyring i ruspåverka tilstand. Det vart utskreve 84 forenkla førelegg mot 39 i 2020.

## 5.7. Psykiatri-opppdrag



Figur 2: Utviklinga for psykiatri-opppdrag 2016-2021  
Kjelde: PAL for PO, Forholdets Art=Psykiatri

## 6. Forvaltning

### 6.1. Pass og førarkort

Utskrivne pass	2017	2018	2019	2020	2021
Vest politidistrikt	82844	78487	81522	30594	46827

Tabell 22: Tal på utskrivne pass, 2017-2021  
Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning

I tillegg er det utskrive 22357 nasjonale ID-kort.

Vegtrafikklova § 34 gjev politiet rett til å tilbakekalla førarkort dersom det er rimeleg grunn til å tru at innehavar av førarkortet ikkje lenger fyller vilkåra for å ha førarkort. Årsaka til at ein ikkje lenger fyller vilkåra kan vere relatert til helse, misbruk av alkohol eller andre rusande eller bedøvande middel, eller at innehavar ikkje lenger har dei naudsynte kunnskapar eller køyreferdigheiter som ein krev for å ferdast trygt i trafikken.

Forvaltningsavdelinga i politidistriktet mottok gjennom heile året bekymringsmeldingar kor det meldast frå om personar som ein meiner ikkje lenger oppfyller vilkåra for å ha førarkort.

Bekymringsmeldingar førarkort	2017	2018	2019	2020	2021
Vest politidistrikt	451	460	360	487	390

Tabell 23: Tal på bekymringsmeldingar førarkort, 2017-2021  
Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning

### 6.2. Utlendingsforvaltning

Uttransport av personar utan lovleg opphald	2017	2018	2019	2020	2021
Vest politidistrikt	293	256	224	243	553

Tabell 24: Tal på uttransportar, 2017-2021  
Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning

I den operative delen av utlendingsforvaltninga har Vest politidistrikt i 2021 stått for 553 uttransportar av personar utan lovleg opphald, fordelt på 66 ulike nasjonalitetar. Av totalen på 553 er 433 personar vist bort i kategorien "overtredelse av midl.lov om innreiserestriksjoner for utlendinger av hensyn til folkehelsen" (cov19).

## 7. Sivil rettspleie

I 2021 fekk vi inn **totalt** 55650 saker til behandling. Dette er ein nedgang frå 2020 då vi fekk inn 61750 sakar.

Kravsmål om **utlegg** er størst i volum. I alt kom det i 2021 inn 41316 sakar. Ein reduksjon frå 2020, då fekk distriktet 46079 kravsmål om utlegg. Reduksjon i kravsmål i distriktet er som for landet elles. Vi er uroa for 2022 grunna auke i styringsrenta, pandemi og mange som er utanfor arbeidslivet saman med auke i straumprisen.

Vest er det distriktet som har den høgaste restansen samt sakshandsamingstid når det kjem til **gjeldsordning**. Sakshandsamingstida var i 2021 419 dagar. Det er ein pågåande prosess i regi av Politidirektoratet for å auke sakshandsamingsskapasitet med verknad frå august 2022. Vi har innan gjeldsordning hatt ein auke frå 503 søknader i 2020 til 615 i 2021. På landsbasis er det også ein auke i saksmengda på 4%.

Når det gjeld sakshandsamingstid på **forlik** var den på 92 dagar i 2021. På dette området er vi på linje med landet ellers. Det var ein reduksjon på 16 prosent i talet på forliksklagar i 2021.

## 8. Trafikk

I 2021 omkom 8 personar i trafikken i Vest politidistrikt. 6 menn og 2 kvinner omkom, den yngste var 18 år medan den eldste var 64 år.

<b>Tal på omkomne i trafikken</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
Vest politidistrikt	13	16	10	7	8

**Tabell 25: Tal på omkomne i trafikken 2017-2021, Vest politidistrikt**  
**Kjelde: Strasak/ Trafikk-koordinator i Hordaland og Sogn og Fjordane**

Det blei registrert 425 trafikkulykker med personskaade i 2021. Dette er ein auke frå 2020 då talet var 326.

Det har vore ein liten auke i talet på saker som gjeld køyring i påverka tilstand det siste året. I 2021 blei det registrert 736 saker, mot 710 i 2020.

## 9. Politiets nettpatrolje Vest

Aktivitet på sosiale media 2021	Facebook	Instagram	Tik Tok
Tal på følgjarar per 05.01.2022	20 675	12 966	485 000
Tal på innlegg i 2021	103	105	84 + 2 live
Tal på visningar i 2021	5 505 788	1 512 646	33 513 000*


\* I tillegg har vi hatt to live-sendingar med rundt 10 000 sjåarar per gang. Tema: Arresten og Hundepatroljen. Tal frå live-sendingane er ikkje teke med her.

**Tabell 26: Aktivitet på sosiale medium 2021**  
Kjelde: Felles eining for førebygging, Nettpatroljen

Vest politidistrikt har også i 2021 hatt stor aktivitet i våre kanalar på sosiale media. Vi ser at stadig fleire tek direkte kontakt med politiet via chat eller e-post. Totalt ble det starta 3932 meldingstrådar i 2021. Det er ein stor auke frå 2020 då det var 3256 meldingstrådar. Meldingane i 2021 handla som oftast om mobbing/sjikane/truslar, trafikk, åndsverklova, vinning og sedskap.

I byrjinga av 2022 lanserte politiet ei eiga chatteløysing, "Sikker chat". Denne vil nyttast til å kommunisere trygt og digitalt med innbyggjarar ved behov.

### Aldersfordeling på dei som tek direkte kontakt med Politiets nettpatrolje Vest 2021



**Figur 3: Aldersfordeling på dei som tek direkte kontakt med Politiets nettpatrolje Vest 2021**  
Kjelde: Felles eining for førebygging, Nettpatroljen



**Omtale av resultat 2021**

Utgitt: Februar 2022

Utgiver: Vest politidistrikt